

Førde, 17.03.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Tilleggsfråsegn: Storelvi Kraft AS – Revidert søknad om løyve til bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk i Luster kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til sakspapira for den reviderte utbyggingssøknaden som vi har lasta ned via internett. Vi viser også til fråsegna vår av 05.10.2013 til den opphavelige søknaden. I denne tilleggsfråsegna kommenterer vi berre endringane i utbyggingsplanane samanlikna med den første søknaden.

Kommentarar til tilhøva i Storelvi på sluttsynfaringsdagen:

Dessverre måtte underskrivne sakshandsamar prioritere å vere med på ei anna, også svært viktig, synfaring den 31.10.2013. Derfor hadde eg ikkje høve til å vere med på NVE si sluttsynfaring for Storelvi. Desse kommentarane er derfor berre baserte på det eg les i sakspapira.

På synfaringsdagen er det opplyst at vassføringa i elva var ca. 5,4 m³/s. I Vedlegg 3 til den reviderte søknaden er det opplyst at gjennomsnittleg sommarvassføring i elva er 23,45 m³/s, eller 4,34 gonger meir enn på synfaringsdagen. I juli og august, då talet på turistar og andre besøkande i Veitastrand er størst, er vassføringa i elva enda høgare, ofte truleg anslagsvis 5,5 - 6 gonger vassføringa på synfaringsdagen, avhengig av temperaturløysing. Det inntrykket NVE fekk av elva på synfaringsdagen, var derfor svært mykje "dårlegare" enn det inntrykket dei sommarbesøkande i Veitastrand får, til dømes når dei passerer bommen for vegen til Tungestølen/Nyestølen og - ikkje minst – når dei kryssar den brua over Storelva som er i nærleiken av kraftstasjonen til Storelvi nedre kraftverk. Det inntrykket er ganske "mektig" når vassføringa er til dømes 25 - 30 m³/s! Ved vurdering av konsesjonsspørsmålet for Storelvi nedre kraftverk ber vi NVE om å ta omsyn til denne skilnaden.

Kommentarar til dei endra utbyggingsplanane:

Totalt sett synest vi at det å legge vassvegen i tunnel betyr ei klår forbetring av utbyggingsplanane. Det er sjølvsagt både positive og negative sider ved dette. På den negative er steindeponia, og vi trur også at den nye plasseringa av kraftstasjonen for Storelvi nedre kraftverk. (Vi har ikkje vore på ny synfaring etter 11.09.2013 og sett spesielt på dette, så vi kan ikkje påstå dette altfor sterkt.) Men vi meiner likevel at dei positive sidene ved planendringa er i klår overvekt.

For Storelvi øvre kraftverk gjer planendringa at vi er enda mindre kritiske til utbygginga, og vi held fast ved at den er akseptabel sett frå vår synsstad.

For Storelvi nedre kraftverk gjer planendringa at vi opplever utbygginga som noko mindre konfliktfylt enn før. **Vi går likevel framleis mot utbygginga!** Bakgrunnen for det er at vi meiner at elva, med den vassføringa den har om sommaren i tur- og turistsesongen, er så viktig i landskapet, og er så lettligjengeleg og godt synleg, at den framleis bør få renne slik som i dag! Eit tilleggsmoment som etter vår meining støttar dette synet, er sumverknadane av dei mange utbyggingane i Veitastrand. Det bør vere meir enn berre Snaudedøla som får renne fritt i framtida. Vi meiner at det å



gje konsesjon til utbygging av Storelvi øvre og å seie nei til Storelvi nedre, bør vere eit akseptabelt kompromiss mellom utbyggingsinteressene og dei ålmenne interessene. Så vil det sjølvsagt, og naturleg nok, vere ulike syn på dette, men det blir det opp til NVE i ta stilling til.

Samla utbygging av Storelvi øvre og Storelvi nedre kraftverk: Viss NVE skulle vurdere å gje konsesjon til utbygging av heile fallet, ville vi, totalt sett, sjå ei samla utbygging som ei betre løysing enn å dele utbygginga i to. Det blir rett nok meir stein som må deponerast, og det er uheldig, men ei samla utbygging i staden for 2 separate, reknar vi likevel som betre. Men vår heilt klåre prioritering er at det berre bør bli Storelvi øvre kraftverk får konsesjon, og at den nedre delen av fallet ikkje blir bygd ut i det heile!

Kommentarar til Avbøtande tiltak - minstevassføring:

Viss NVE skulle vurdere å gje konsesjon til å bygge ut fallet til Storelvi nedre kraftverk, enten det skjer i ei separat utbygging, eller i ei samla utbygging med fallet i Storelvi øvre, meiner vi at minstevassføringa om sommaren av omsyn til landskap bør settast til å bli ekstraordinært stor, minimum 10.000 l/s. Når det gjeld minstevassføringa i Storelvi øvre, viser vi til det vi skreiv i den første fråsegna.

Utbyggerane meiner at starttidspunktet for minstevassføringa om sommaren bør flyttast frå 1. mai til 1. juni. Vi er einige i at starttidspunktet kan flyttast noko, men ønskjer at "flyttinga" vert avgrensa til helst 16. mai, eventuelt 21. mai. Snøsmeltinga er vanlegvis ganske kraftig i siste halvdel av mai, og gir grunnlag for sommar-minstevassføring då! Vi ber NVE vurdere spørsmålet.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet
Alvar Melvær (sign.)